




ÅRDAL KYRKJE




BYGLAND KYRKJE



SANDNES KAPEL



SANDNES KYRKJE



AUSTAD KYRKJE

# Kyrkjebladet

FOR BYGLAND

Nr. 2 - 2025 - 82. årgang



Sommargudstenste i Sandnes kapell. Foto: Susanne Hegenscheidt

*Dette kan du lese om i Kyrkjebladet:*

**Andakt • På kyrkjeveg frå Åseral til Bygland • Bibel- og naturcamp  
Kyrkjesorg i Austad sokn • Sommarkonsert • Konfirmantane  
Sommarfest • Dugnad på kyrkjegardane • Kultur- og songkveld**

**Andakt ved Kjell Steinbru:**

# Skaparverket er eit sterkt vitne- mål om ein kreativ intelligens!

**«For i han er det vi lever og rører oss og er til.» Dette er eit sitat frå Paulus sin mektige tale på Areopagos. Areopagos er ein del av tempelhøgda i Athen. Her heldt Paulus ein tale til Areopagosrådet.**

## Skaparen av himmel og jord

I denne talen legg Paulus vekt på å forklare at Gud, han som har skapt himmel og jord, han bur ikkje i noko som er laga av menneskehender. Athen var full av religiositet på denne tida, men det var i form av gudebilete og gudefigurar.

Men Paulus var klår på at slike fig-

urer og bilete ikkje kan vere skaparar av himmel og jord. For i denne talen seier han blant anna dette: «Gud som har skapt verda og alt som i henne er, han som er herre over himmel og jord, han bur ikkje i tempel som er bygde med hender.»


## Gudspartikkelen

Paulus meiner at dette burde vi alle skjöne. For når ein ser på skaparverket, alt frå det gigantiske universet, heilt ned til livet her på jorda, og vidare ned til dei minste atomar, så må det vel være klårt for alle at det står noko stort og mektig bak alt dette.

Nokon trur på at ein stor smell (The Big Bang) er opphavet til alt, og andre trur at ein liten partikkel er opphavet (Higgs partikkel, også kalla Gudspartikkelen). Dei om det. Dei må vel også ha ei sterk tru, for korleis kan det oppstå liv og alle slags viselege innretningar av ein smell eller ein liten partikkel?

Tenk berre på alle planetane, korleis dei går i faste banar rundt sola, og korleis vår eigen klode snurrar og vendar på seg, slik at vi har natt og dag og dei fire årstidene. Alt pinleg nøyaktig!

Tenk på lufta som vi pustar i, og vatnet som er grunnlaget for alt liv. Tenk på molda som plantane veks i, som er eit lite univers av liv i seg sjølv! Utan alt dette kunne vi ikkje leve. For meg er det vanskeleg å tru at alt dette er eit samanfall av tilfeldigheiter.



## Alt er så viseleg

Paulus utdjupar kva han står for og tenker i Romarbrevet. Berre sjå her kva han skriv i det første kapitelet: «For det ein kan vita om Gud, ligg ope framfor dei; Gud har sjølv lagt det ope fram. For hans usynlege vesen, både hans evige kraft og hans guddom, har menneska kunna sjå og skjøna av gjerningane hans heilt frå verda vart skapt.»

Dette at Gud har skapt alt og innretta alt så viseleg, var på ingen måte nokon ny tanke. Da den mektige kong Salomo (i all sin prakt) skulle innvie det nybygde og storlagne tempelet i Jerusalem, så sa han dette: «Sjå, himmelen og himlars himmel kan ikkje rømma deg, langt mindre dette huset som eg har bygd!»

Også kyrkja sin første martyr, Stefanus, heldt ein tale om dette til Øvstepresten og det jødiske rådet. I denne talen siterer han eit skriftord frå profeten Jesaja, og der seier Gud: «Himmelen er mi trone, og jorda er min fotskammel. Kva slag hus kan de byggja for meg, seier Herren, eller kvar er staden der eg kan kvila?»

## Undring og respekt

Det er eit ord som har blitt viktig for meg i møte med dei bibelske tekstane, og det er ordet undring. Og viss ein også legg til at ein må ha med seg ein god porsjon respekt for det som har med Gud og Guds skaparverk

## Kyrkjebladet for Bygland

### Redaktør:

Olav Nilsen

Telefon: 982 99711

kbnilsen@hotmail.com

### Layout/ombrekking:

Erik Dyngvold

### Trykk:

Bjorvand & Co

å gjerna, så har ein eit godt verktøy i møte med Bibelen og livet som vi lever.

Eg minner ofte meg sjølv på noko som står hos profeten Jesaja: «For mine tankar er ikkje dykkar tankar, og dykkar vegar er ikkje mine vegar, seier Herren. Som himmelen er høgt over jorda, slik er mine vegar høgt over dykkar vegar og mine tankar høgt over dykkar tankar.»

Det er interessant å freista å forstå korleis alt fungerer. Alt frå lovane innanfor fysikk, matematikk og kjemi til biologi, om korleis alt liv fungerer.

Det er da eg vil istemme noko som Kong David skriv i salme 139: «Eg takkar deg fordi eg er skapt på skræmeleg underfull vis. Underfulle er dine verk, det veit eg så vel.»

## Djup av rikdom og visdom og kunnskap hos Gud

Og Paulus er også fylt av undring og respekt når han beskriv Guds vesen: «Å, for eit djup av rikdom og visdom og kunnskap hos Gud! Kor uranskelege hans dommar er, og kor ufattelige hans vegar! Kven kjende Herrens sinn, eller kven var rådgjevaren hans? Kven gav han noko først så han skulle få vederlag? Av han og ved han og til han er alle ting. Han vere ære i all æve! Amen.»

Så lat oss møte dagane, og skaparverket som vi er ein del av, med undring, takksem og respekt, slik Kong David gjorde da han skrev salme 23: «Han lèt meg ligga i grøne enger, han fører meg til vatn der eg finn kvile.»

## Kunstig intelligens

Eg spurde ein kunstig intelligens om kva ein kan seie om skaparverket. Og svaret var slett ikkje så dårleg: «Skaparverket er eit vitnesbyrd om ein kreativ intelligens som overskrid menneskeleg forståing.» Og denne kreative intelligensen kallar eg Gud.

Men Gud er ikkje berre skaparen. I 1. Johannes brev kan vi lese at Gud er kjærleik. Og i det verset ligg det mykje. Gud har skapt oss menneske med kjærleik. Men kor denne kjærleiken finns i våre kroppar er det ingen som

# Kyrkjebladet for 50 år sidan - 1975

## Gåver til

### Kyrkjelydsbladet

Knut Tveit 5, Asolv Tveit 5, Anne S. Kyrvestad 5, Sigrid Berås 5, Birgit Grødtum 10, Anne A. Tveit 10, Daniel O. Tveit 5, Olav D. Tveit 5, Birgit A. Tveit 10, Gunnar Tveit 10, Amund Tveit 10, Olav S. Langeid 10, Olav O. Tveit 10, Olav B. Langeid 10, Amund Tveit 10, Asmund Tveit 10, Ingrid Helleiren 5, Solfrid Vestel 5, Tarkjel D. Tveit 5, Sigrid O.I. Sordal 10, Gro Sordal 5, Birgit Hagnes 5, Johans Sordal 5, Britt Sordal 9, Tarald A. Sordal 5, Amund T. Sordal 5, Daniel Sordal 10, Birgit Thorkildsen 10, Astrid Lund 10, Tone Såghus 5, (Elvind Bakke, Synnøve Berntsen, Thora Rakke & Sigrid Lisselvand 20), Gunstein Haugå 10, Birgit Haugå 10, Solveig Steinsland 10, G.A. Vollen 10, Margit T. Besteland 10, Anne G. Attestog 10, Anne G. Skomedal 10, Lillian & Asmund J. Langerak 25, (Anne Helle, Mari Langerak, Neri Skjevrak 30), Torjus Heistad 20, Mikkjel Lauvdal 20, Inga Bjørn Helle 5, Gunhild Njå 10, Grunde Freyrak 10, Gyro Gakkestad 10, Arne Gautestad 10, R. Hausvik 10, Jorunn Vatnedalen 10, Omund Freyrak 5, Knut Dale 10, Anne Haugå Horverak 10, Margit Bø 10, Arne Guldsmo 10, Aksel Fjeldberg 10, Knut Sjetta 10, Gunnar Gr. Austad 10, Birgit Tangen 5, G.O. Heistad 5, Knut G. Heistad 5, Liv Fossetdal 5, Hallvor O. Heistad 5, Tore Heistad 5, Olav Bj. Heistad 5, Targjerd Heistad 5, II. Slettevollen 5, Gyro Vestel 5, Siri Ose 10, Daniel Austad 10, Knut Austad 10, Olav E. Austad (e) 10, Birgit N. Austad 5, Bjørn & Olav Viki 20, Daniel G. Austad 10, Olav G. Austad 10, Tarkjel Austad 10, Grunde Gr. Austad 10, (Mari Holmesland, Vilborg Hovet, Kristian Stubseid 30), Olav O. Heistad 10, Sigurd A. Langeid 10, Anund Nomeland 10, Knut S. Langerak 10, Anne T. Tone G. & Amund S. Skomedal 40, Gunstein Faremo 10, Knut Haugen 10, Hjarteleg takk

## Før og nå

Den første 17. mai-fest på Byglandsfjord vart skipa til av lærar Olav Sandnes. Han gjorde dette for elevane sine, og festen vart halden i heimen hans. Eg trur ikkje me betala inngangspengar. Men han hadde fønge nokre kvinner til å koke sjokolade, og maten var kavringer, som me totte var både fine og gode. Sandnes fortalte litt om meiningsa med 17. mai, og me song nokre songar som høvde for dagen. At det var ein gild fest, er sikkert. Han har vore i minnet i 80 år.

Knut Vatsend

veit. Men det er likevel ingen som vil nekte for at kjærleiken finns.

## Gud er ånd.

Det same kan ein seie om Gud. Gud er ånd. Vi kan ikkje sjå Gud, men det er mi sterke tru og overtyding at han likevel finns. Det ser eg av Hans gjerningar.

Men det at Gud er kjærleik betyr også at han elskar kvar einskild av oss

## Frå heim og kyrkje



### BYGLAND

Døpte:

19/1 Irene Moe.

Avidline:

20/2 Såve Stuttstog, f. 17-1-1907.

19/2 Margit Haugaa, f. 28-11-1895.

### ARDAL

Døpte:

23/3 Ånund Krossen Kjetså.

2/3 Mona Greibesland.

31/3 Linda Helene Kjetså.

Avidline:

10/4 Johan Madshaven, f. 6-9-1920.

### AUSTAD

Avidline:

6/4 Tone Langeid, f. 27-7-1896.

### SANDNES

Avidline:

4/4 Torgeir Torbjørnson Haugen, f. 10-3-1889.

### KUNNGJERINGAR

Vesti. Indremisjon har værmøte i Bygland kyrkje, sundag 25. mai. Det blir møte kl. 11.00 og kl. 15.00.

Hornes kr. artianarlag vitjar Ardal mandag 26. mai og Bygland torsdag 29. mai. Det vert møte i kyrkjene kl. 10.30. Kollett.

Sundagsskulen . Sørlandets krets, har kretsøte i Valle, sundag 1. juni. I det høve vert det møte i Bygland, Sandnes og Austad kyrkjer kl. 11.00 ved tilreisande talarar. Kollett på møta.

Soknepresten - ferie. Eg reknar med 14. dagars ferie i tida: 18.-29. juli. Sokneprest Leithaug, Evje, blir vikar.

## Festeavgift for graver

Festeavgifta er hogda til kr. 20,- for kvar 20 års-periode. Dei pårørande må sjøve syte for å betale inn festeavgifta innan festeperioden går ut. Grava kan i anna fall verte sletta.

Dette vert i praksis slik: Den som ynskjer å feste gravplass eller sikre gravplassar som er over 20 år, må vende seg til kyrkjevergene.

Desse er: Ardal: Olav Løyland, Bygland: Salve Haugen. Sandnes (Araksbø): Torjus Haugen. Austad: Jon Tveit, for Sandnes kyrkjegard: Knut P. Sandnes. Ein gjer elles merksam på § 9. i Vedtekter for kyrkjegardene i Bygland.

menneske. Og sjølv om vi skulle vere trulause, så er han trufast. Det er noko Paulus skriv til sin medarbeidar Timoteus: «Er vi trulause, så er han endå trufast, for han kan ikkje fornekta seg sjølv.»

Guds reine og fullkomne kjærleik står fast til evig tid. Og den syner seg i det at Han sende son sin til oss, til soning for alle våre synder, til liv og evig sæle!

# Hva med en oval weekend i Budapest?

Luksus og komfort fra 75 euro pr. natt i lavsesong

Sentralt

beliggende leilighet, 200 m

fra Nasjonalmuseet, leies ut for kortere

eller lengre tid. To soverom (2+1), i 1. etasje.

Tilbaketrukket fra gaten, overhodet ingen støy.

Se leilighetens nettside. Kontakt administrator per e-post, på engelsk. Det er forresten gratis offentlig transport i Budapest for EU/EØS-borgere over 65

år, noe som gjør en vakker og interessant by

enda mer tilgjengelig for oss som er blitt

godt voksne. Budapest er vakker,

kom og se selv!



**Muzeum Apartman**, 1088

Budapest, Muzeum krt. 10. fsz 8/A

**Manager:** Hallai Krisztina

Tel: +36 20 807 2558

[www.muzeumapartman.com](http://www.muzeumapartman.com)

**Email:**

[muzeum.apartman@gmail.com](mailto:muzeum.apartman@gmail.com)



# På kyrkjeveg frå Åseral til Bygland!

**Søndag 17.august gjentek  
me suksessen frå i fjar,  
og gjeng på nytt ”På  
kyrkjeveg”! Men i år gjeng  
turen motsatt veg - det  
vil seie frå Espelid i  
Åseral til Skomedalsheia i  
Bygland.**

Tekst: Olav Nilsen

Foto: Trond I. Storeby og Olav Nilsen

Og i år vert Kari Røynlid og Olav Grenstad med som guidar og kjents-folk på turen over heia.

Det er avtalt busstransport på båe sider, slik at Byglingane kan verta skyssa til Åseral, og slik at gilde Åsdølar kan verta skyssa attende til sine heimtrakter etter turen.

I år vert fellesgudstenesta i Sandnes kyrkje Åraksbø kl.19.00.

Før gudstenesta vil deltakarane få servert god mat og drikke etter den lange turen over heia.

Nærare detaljar om avgangstider m.m, kjem ein attende til når tida nærmar seg.

Velkommen til ”På kyrkjeveg”! Arrangør er Åseral sokneråd og Bygland og Årdal sokneråd.





# Bygland bibel- og naturcamp

**Med fokus på Israel og bedehusrevy med "Han innante & Sønner"!  
Programmet for årets bibel- og naturcamp 2025 på KVS Bygland byr på mange spennende innslag.**

Tekst og foto: Olav Nilsen

Årets camp går i år av stabelen fra søndag 6. til søndag 13.juli. Også i år blir Jostein og Esther Janøy med på alle kveldsmøtene.

De har bakgrunn fra pinsebevegelsen, men er godt kjent med misjonsfolket på bedehusene rundt omkring.

Jostein Janøy har vært både pastor og misjonær – i tillegg til at han har utgitt flere bøker. Sammen med sin kjære Esther vil de spille og synge for oss hver kveld!

## Torsdagen og fredagen

Torsdag kveld er temaet "Med fokus på Israel".

Her vil flere spennende gjester dukke opp, og vi lover dere en interessant og tidsaktuell kveld med fokus både på misjon, bibelens profetier og aktuelle begivenheter i Bibelens eget land!

Fredag kveld dukker "Han Innante" Toralf Nordbø opp! Han og sønnene vil synge på kveldsmøtet, og etter kaffipausen blir det "Bedehusrevy" av beste merke!



## Barn og ungdom

Barn og ungdom er et viktig innslag på Bygland bibel- og naturcamp, og i år får vi hjelp av Ingrid Engedal som vil ta seg av de barna som har begynt på skolen.

Edvard Foss har egne bibelsamlinger for ungdommene, og for barna under skolealder vil vi også ha et eget opplegg.

Asle Hettebakke har nå vært på camp'en flere ganger, og begynner virkelig å bli varm i trøya. Vi gleder oss til å høre hva han vil dele med oss denne uka gjennom sine daglige bibeltimer.

## Lørdagen

Lørdag 12. juli blir en innholdsrik dag! Da er det Matmarknad på Ose, og andre spennende aktiviteter på campen. På kvelden blir et sang- og musikkmøte med virkelig stor musikalsk bredde!

Jostein og Esther Janøy blir med oss, Vonheimkoret deltar, og Byglands nye organist og pianist Erik Hodnemyr spiller både svingende gospel og vakre salmer akkompagnert på fiolin av sin kone Benedikte Samseth Hodnemyr. Etterpå fyrer vi opp grillen og koser oss på nok en vakker sommerkveld!

## Fysiske aktiviteter

Ingen bibel- og naturcamp uten fysiske aktiviteter av ulike slag. På fredagen blir det misjonsløp, og



turer til fjells med fisking og bading blir det anledning til både to og tre ganger i løpet av uka.

Men for de som heller vil holde seg i ro ved teltene, vil vi i år som tidligere år ha ulike tilbud i nærområdet. Og de som bare vil sitter rett opp og ned i solveggen, får selvsagt lov til det også.

## Overnatting

Skolen tilbyr ypperlige overnattingsmuligheter i gode internatbygg, men mange velger også å overnatte i bobiler, campingvogner og telt.

Vår ypperlige kokk – norsk-tyske Judith Zøllner – serverer velsmakende og hjemmelagede frokoster, luncer og middager av beste kvalitet, men vil en heller lage maten sjøl i bobilen, er det selvsagt også helt i orden.

Kort og godt – her er noe for enhver smak – i ordets aller beste forstand.

## Godt fellesskap

Men det viktigste er at vi ønsker å så Guds Ord i hjertene på store og små.

Når vi i tillegg har et godt fellesskap – både sosialt og åndelig – tror vi at løftene om at Guds ord aldri skal vende tomt tilbake – virkelig går i oppfyllelse denne uka i midten av juli – i Norges vakreste dal, Setesdal!

Meld deg på snarest på tlf. 982 99711 eller mail: kbnilsen@hotmail.com for sikre deg plass!  
Se også vår hjemmeside [www.bibelognaturcamp.no](http://www.bibelognaturcamp.no)

*Velkommen til store og små, og til hele familien!*

The advertisement features a large image of a yellow building complex with a Norwegian flag flying in front, set against a backdrop of green hills. The text "BIBEL- OG NATURCAMP" is prominently displayed in large white letters, followed by "på KVS-Bygland 6. juli - 13. juli 2025". Below this, a green banner contains the text "«Midt i hjertet av Setesdal»". A section titled "MØTER OG ARRANGEMENTER:" lists various activities, including meetings with Ingrid Engedal, Bible studies for teenagers with Edvard Foss, singing and bedehusrevy with "Han Innante & Sønner", evening meetings with Jostein and Esther Janøy, a special evening for teenagers about the evenings, collections for the youngest, Bible times with Asle Hetlebakke, focus on Israel, singing and music evening, and mission walks. To the right of the text is a photo of a smiling child in a blue raincoat holding several fish, and a small wooden signpost with the camp's name. At the bottom, contact information is provided: Tlf: 982 99 711, E-post: kbnilsen@hotmail.com, and the website [www.bibelognaturcamp.no](http://www.bibelognaturcamp.no). The IMF logo is also present.


## Andakter på Byglandsheimen hausten 2025

Andaktane er annankvar tysdag og tek til kl. 14.00:


12. august, 26. august, 9. september, 23. september, 7. oktober, 21. oktober, 4. november, 18. november, 2. desember, 16. desember og onsdag 24. desember kl. 13.00

Sokneprest Kristine Borgen:  
tlf. 469 50 502.

Organist:  
Eirik Hodnemyr og Britt Haugen  
Andaktshaldarar elles:  
Tove Tveitå og Knut Gakkstad



# Kyrkjesorg i Austad sokn



**Ordet sorg er nært knytta til tap. Me sørgjer når me misser nokon eller noko som står oss nær, og som me er glade i, det vere seg nær familie, slektingar, gode vener eller dyr. Også ting som har stor affeksjonsverdi for oss eller er nært knytta til identiteten vår, kan framkalle ein type sorgreaksjon.**

Gry Ilje Tveit og Torhild Austad

I det siste har me hørt og lese mykje om økosorg – det er den vonde kjensla me får når natur og landskap me er sterkt knytta til, blir forringa eller øydelagd.

I Austad sokn er me mange som kjenner sorg over at kyrkja vår, i alle fall inntil vidare, er teken frå oss – noko som m.a. hindrar oss i å få utført kyrklege handlingar som for dei fleste er nær knytta til tradisjon og identitet, nemleg dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd. Verdiane som desse rituala representerer, blir sette opp mot pengemakta og står i fare for å tape den kampen.

Men framleis lever håpet om at både sokneråd og kloke politikarar vil lytte til folkets vilje og la demokratiske speleregler få styre.

## **Historisk tilbakeblikk**

I Kyrkjebladet nr. 1 – 2025 kan me lese frå eit utkliipp for 70 år sidan at det blei installert varmeanlegg i alle kyrkjene i Bygland! Først ute var Austad kyrkje på Tveit den 25. februar 1955. Folk snakka vent om kor lunt det blei i kyrkja. Den 18. mars skulle - i følge utkippet - varmeanlegget i Bygland kyrkje vere ferdig. I Åraksbø skulle varmeanlegget vere klart til Palmesundag.

Også i Årdal kyrkje skulle elektrisk



Torhild Austad og Gry Ilje Tveit overrekjar underskriftene til varaordførar Tor Kasin.

varmeanlegg installerast etter at nytt lysopplegg hadde kome på plass.

70 år seinare er desse varmeanlegga bytta ut i Årdal, Bygland og Sandnes (kyrkje og kapell). Men i Austad sokn blei kyrkja mellombels stengd i januar 2023 då det elektriske tilsynet hadde konkludert med at det ikkje lenger var trygt. Kyrkja er framleis stengd for alle kyrklege handlingar.

Det betyr at folk i Austad sokn må gjennomføre dåp, konfirmasjon, vigslar og gravferder i andre kyrkjer i kommunen. Dette vedkjem ikkje berre Austad sokn, men i ein liten kommune som Bygland finn me særleg på kyrkjegardane at det har vore mykje flytting mellom sokna, og mange har sine nære og kjære gravlagde litt på «kryss og tvers».

Det er nok grunnen til at vi gjennom prosessen for å få opna kyrkja att, har møtt så mykje sympati og forståing på tvers av (dei gamle) soknerådgrensene.

## **Underskriftskampanje**

I dei åra kyrkja vår har vore mellombels stengd, har det vore mange ulike markeringar og innspel frå folk i Austad sokn om gjenopning av kyrkja, men så langt utan hell. I påska 2025 blei det samla inn underskrifter i heile Austad sokn med oppfordring

til lokalpolitikarane våre om at kyrkja vår måtte bli opna att. Austad sokn omfattar Langeid, Heggland, Tveit, Moi, Ose, Austad, Heistad og Sordal. Me gjekk frå dør til dør og opplevde berre velvilje – både frå fastbuande og andre med ulik

tilknyting til kyrkja. Også ungdomane var både positive og medvitne om kva ei open kyrkje betyr for både notida og framtida deira.

Underskriftene blei leverte til til varaordførar Tor Kasin som eit innbyggarforslag. Antal underskrifter var høgt over vilkåret for at saka må handsamast i kommunestyret- jfr Kommunelova § 12-1.

## **Relativ kostnad**

Investeringa i nytt varmeanlegg vil kunne gi oss og våre etterkomrarar tilgang til den same kyrkja som forfedrane hadde – i minst 70 år til. Sett i det perspektivet er denne eingongsinvesteringa langt frå «uhorveleg stor» - ein heller beskjeden utgiftspost på det årlege budsjettet. Planane om også å utvikle Austad kyrkje til ei kulturkyrkje, er framleis levande – og vil kunne styrke heile kommunen – og nabokommunane – både sosialt, kulturelt og åndeleg.

*Med venleg helsing  
Gry Ilje Tveit og Torhild Austad*

# Sommarkonsert i Årdal kyrkje



Tysdag 10. juni var det duka for sommarkonsert i Årdal kyrkje Grendi. Det vart ei musikalsk oppleving av dei sjeldne, og der vår eminente organist og pianist Eirik Hodnemyr trakterte både orgel og piano så vellyden gav gjennklang i både tak og veggar!

Tekst og foto: Olav Nilsen

Men dei som ikkje fekk med seg konserten denne gongen kan ta turen att tysdag 19. august kl.17.00! Då vert det same eineståande musikalske programmet arrangert på nytt!

Konserten vart innleia med kjende folketonar, og der vår eigen songar Gunnar Gautland framførte «Lær meg å kjenne dine veie» med stor innleiving på si fagre røyst.

Deretter følgde «Den signede dag» og «Fagert er landet», og det var så desse to fædrelandssongane ljoma over heile Grendi!

## På engelsk og dansk

To engelske hymner på vårt engelske orgel gjekk så det suste, før der vart danskane tur. Kyrkjeverja hadde nemleg med seg 42 danskar som var på tur i dalen, så til ære for dei song me både «Lille sommerfugl» og «Jeg elsker de grønne lunde».

Litt om sommaren måtte me og ha med på ein solfylt sommarkveld, og der songen «I denne fagre sumarstid» vart framført i ei «oppjazza» utgåve som verda neppe før har høyrd maken til! For her rykka det både i «rocke- og bluesfoten», og der endå til høgrearmen hans la seg over tangentane før pianisten gjekk inn for landing.

## Ekstranummer

Sjølvagt var det ekstranummer med «Soon and very soon» av «gospelkongen» Andrae Crouch før konserten roa seg med avslutningsnummeret «Den dag du gav oss er til ende».

Men om verda står er sommarkonsertane ikkje til ende, for det vert som nemnd eit nytt høve tysdag 19. august!



### **Konfirmasjon i Bygland kyrkje 31. mai**

Trusopplærar Janne Theodora Wikstøl, Ida Marie Frøysnes Emblemsvåg, Åsne Nomeland, Julie Lande, Tage Alexander Kjetså, og sokneprest Kjell Steinbru.



### **Konfirmasjon i Årdal kyrkje 31. mai**

Trusopplærar Janne Theodora Wikstøl, Ellinor Langhelle Åsen, Emilian Dale Eklund, Jenny Feed Lunden og sokneprest Kjell Steinbru.



## Dugnad på kyrkje-garden i Åraksbø

Foto: Susanne Hegenscheidt



## Dugnad på kyrkje-garden i Bygland

Foto: Ann Cecilie Andersen



# Soknerådsmøte og sommarfest på Revsnes!

**Tysdag 17. juni var siste  
soknerådsmøte for  
sommarferien. Etter sokne-  
rådsmøtet inviterte me  
dei kyrkjeleg tilsette på  
middag og sosialt samvær.**

*Tekst: Olav Nilsen  
Foto: Susanne Hegenscheidt*

Det vart ein hugnadssam kveld med heile 12 personar til bords!

Etterpå samla me oss i biblioteket, der sokneprest Kjell Steinbru fekk overrekt ei flott tine i bryllupspre-sang. Han gifta seg nemleg laurdagen før, og det måtte jo markerast. Tina var sjølvsagt laga av vår lokale trekun-stnar Bjarne Nordgarden.

Vår nye sokneprest Kristine Borgen var og til stades og kasta glans over arrangementet. Ho hadde sjølv ei hel-sing og ein presentasjon av seg sjølv, og der kyrkjeverja straks vart korrigert då han sa ho kom frå Vennesla. For

både ho og vår kjære organist er frå Kvarstein, må veta!

I neste nummer av Kyrkjebladet skal de bli betre kjent med vår nye sokneprest, som tek til i tenesta rundt 1. september.

Den andre Kvarsteinbuen - Eirik Hodnemyr - stod sjølvsagt for dei

musikalske innslaga, og som vanleg gjekk det til tider livat for seg på tangentane!

På toppen av det heile deltok den andre Kvarsteinbuen - Kristine Borgen - med sin velklingande songstemme, og dermed var lukka fullkommen denne fagre sumarkvelden på Revsnes Hotel!





## Velkommen til Guds hus, kyrkja di!

### Søndag 6. juli

#### 4. søndag i treeiningstida

Friluftsgudsteneste på Austadneset  
kl.16.00 ved Kjell Steinbru  
Organist: Eirik Hodnemyr  
Preiketekst: Matteus 9, 35-38 Grøda  
er stor  
Takkoffer til Den Norske Israelsmisjon

### Søndag 6. - søndag 13. juli

#### Bibel- og naturcamp på KVS Bygland

Bibeltimer, barne- og ungdomssam-  
lingar kvar dag kl.10.00 frå måndag  
til laurdag. Kveldsmøter kvar dag  
kl.19.30 frå søndag til laurdag.

Tale og song av Jostein og Esther Janøy

#### Fredag 11. juli

Bedehusrevy med «Han innante»  
Toralf Nordbø etter kveldsmøtet

#### Laurdag 12. juli kl.19.30

Song- og musikkmøte med Jostein  
og Esther Janøy, Vonheimkoret, Eirik  
Hodnemyr og Benedikte Samseth  
Hodnemyr

### Søndag 13. juli

#### 5. søndag i treeiningstida

Familiegudsteneste på KVS Bygland  
kl.11.00 ved Jostein Janøy  
Organist: Esther Janøy  
Preiketekst: Matteus 18, 12-18 Sauen  
som gjekk seg vill  
Takkoffer til KVS Bygland  
Middag etter gudstenesta

### Søndag 29. juli

#### Olsok

Olsokgudsteneste i Sandnes kapell  
kl.18.00 ved Kjell Steinbru  
Organist: Eirik Hodnemyr  
Preiketekst: Lukas 22,24-27 Avskilsord  
til dei tolv  
Takkoffer til Israelsmisjonen  
Grilling på Kyrkjeneset etter gudstenesta

### Søndag 17. august

#### 10.søndag i treeiningstida

På kyrkjeveg - fellesgudsteneste  
Sandnes kyrkje Åraksbø kl.19.00  
ved Tom Martin Berntsen  
Organist: Eirik Hodnemyr  
Preiketekst: Markus 11,25-26 Tilgjeving  
Takkoffer til Normisjon  
Pilegrimsmat før gudstenesta

### Tysdag 19. august

Sommarkonsert  
i Årdal kyrkje Grendi kl.17.00

Organist og pianist Eirik Hodnemyr  
speler folketonar, hymner og sommarsongar.

Danske og norske fellessongar

Det vert høve til å gje ei gåve til det  
kyrkjemusikalske arbeidet

Arrangør: Bygland og Årdal sokneråd

### Søndag 21. september

Kultur- og songkveld

i Bygland kyrkje kl.19.00

Terje Vigen i ord og tonar med Svein  
Kleivane og Knut Olav Uppstad  
Song av Vonheimkoret

Orgelmusikk med Knut Olav Uppstad  
Det vert høve til å gje ei gåve til det  
kyrkjemusikalske arbeidet  
Arrangør: Bygland og Årdal sokneråd

### Søndag 5. oktober

#### 17. søndag i treeiningstida

Gudsteneste og avskil med sokneprest  
Kjell Steinbru  
Sandnes kyrkje Åraksbø kl.16.00 ved  
Kjell Steinbru og Kristine Borgen  
Organist: Eirik Hodnemyr  
Preiketekst: Markus 5, 35-43 Jesus  
vekkjer ei litra jente opp frå dei døde  
Takkoffer til Vonheim bedehus  
Song av Vonheimkoret  
Samling i Grendehuset etter guds-  
tenesta

#### Kvittering

Innbetal til konto

2898 20 05630

#### Betatingsinformasjon

Gåve til  
Kyrkjebladet



Betalerens kontonummer

Blankettnummer

6530865305

#### GIRO

Underskrift ved girering

Betalings-  
frist

Betal til

#### Kyrkjebladet

Bygland Kyrkjelege Fellesråd  
v/økonomiavd. Bygland kommune  
4745 Bygland

Kvittering  
tilbake

Belast  
konto

Kundeidentifikasjon (KID)

Kroner

Øre

Til konto

Blankettnummer

< 2898 20 05630 <6530865305>

# Kultur- og songkveld!

Søndag 21. september  
kl. 19.00 vert det Kultur-  
og songkveld i Bygland  
kyrkje. Sett av datoen  
allereie no!

«Terje Vigen i ord og tonar» vert då  
framført av Svein Kleivane og Knut  
Olav Uppstad, og der sistnemnde  
har tonesett det heile!

Vonheimkoret er på plass, og  
det vert allsong. Kan hende andre  
innslag og dukkar opp.

Me vonar dette kan verte ein fin  
kveld, især om nett du dukkar opp!  
*Med vensam helsing Svein Kleivane*



## Kyrkjebladet for 70 år sidan - 1955

### Visitas i Bygland

Biskop Smidt vil haldla visitas i Bygland  
2.-6. september i år.

### Soknepresten

har ferie frå 2.-31. juli. Pastor H. Midtgård vil stå som vikar.

### Gudstenester.

4. sundag e. trielming, 3. juli: Ardal kyrkje kl. 18.30 (1/8). Pastor H. Midtgård. Nattverd.
5. sundag e. tr., 10. juli: Araksbø kl. 19.30. Pastor Midtgård. Nattverd.
7. sundag e. tr., 24. juli: Bygland kyrkje kl. 11. Messe i samband med agronomstemma. Pastor H. Midtgård.

### Poenget i Luthers kristendom

Alex Johnson skriver i «Vår Kirke» om «Poenget i luthers kristendom»:

Det betydningsfulle ligger fremfor alt i lutherdommens sentrale stilling i kristenheten. Tar man for seg spektret av kirkessamfunn, fra pinsenvener på ytterste venstre til Romerkirken på ytterste høyre, viser det seg straks at lutherdommen betegner den gylene middelvæi. Her forenes det kirkelige dogme med den personlige opplevelse, her lever bispeskrud og legmannsbusser i harmonisk side om side.

Det kommer ikke av at lutherdommen er noe kompromiss. Men av at den bare er interessert i én ting: det rene evangelium, så får de ytre kirkesikker være ordnet som de vil. All verdens kristne grupperinger er ofte så altfor oppatt av sine linjer og sitt sær preg og verst av alt: «sitt syn». Lutherdommens poeng er at den overhodet ikke tar noe slags syn eller menneskelig påfunn høytidelig. Derimot tar den Guds ord alvorlig. For det har Luther gjennopdaget på en slik måte at vi aldri kan glemme det: den kristne hemmelighet ligger ikke i hans livsstil, hans gjerninger eller hans fromhet, men bare i dette én, at han i Guds ord har funnet visshet om at han elsket oss.

### Frå kyrkjebøkene.

#### Døypete.

1. mai. Ardal kyrkje: Anne Marie Hægeland. Foreldre: Banekvaktar — N.S.B. — Thorvald Oddleiv Hægeland og k. Asta, f. Landås.
1. mai. Ardal kyrkje: Stadfesting for heimedøpt barn Kirsten Bakke, f. 11. juni 1954. Foreldre: Sagbrukseigar Elvind Gunnarson Bakke og k. Kristina, f. Hoff.
8. mai. Austad kyrkje: Eli Paus, f. 31. mars. Foreldre: Tømmermåler Gunnar Severinson Paus og k. Anne, f. Dale.
29. mai. Bygland kyrkje: Tor Skomedal, f. 12. april. Foreldre: Murar Nere Tor son Skomedal og k. Anne, f. Håkadal.
29. mai. Bygland kyrkje: Johanne Elise Andersen, f. 14. mars. Foreldre: Skogsarb. Torbjørn Andersen og k. Anne, f. Sandnes.
29. mai. Bygland kyrkje: Anna Hauga, f. 12. april. Foreldre: Bankkassar Knut Knutson Hauga jr. og k. Anne, f. Leyland.
5. juni. Austad kyrkje: Vidar Frøysnes, f. 4. mars. Foreldre: Student Hallvard Vråsion Frøysnes og k. Astrid, f. Mol

#### Avlidne.

2. mars: Hmv. barn Knut Vetleson Faremo, f. 6. juni 1954.
6. mars: Gardbrukar h.v., enkjemann Torbjørn Lidtveit, f. 20. juni 1870.
14. april: Gardbrukar Gyro Hovden, f. 12. mai 1879.
17. april: Sagarb. h.v. Olav Gunnarson Krossen, f. 12. juli 1883.
1. mai: Rentenist Gyro Haugen, f. 9. september 1871.
19. mai: Anleggsarb. h.v. Anton Edvin Martinius Edvardsen, f. 13. januar 1884.

#### Vigde.

11. juni: Sagarheitar Gunnar Ommundson Gautesdal og hmv. Gyro Segberg.

Bladstyrar: SIGURD ROE  
Fædrelandsvennens trykkeri - Kristiansand

# Kyrkjelydene i Bygland

## Tilsette og kontaktinformasjon

Bygland kyrkjekontor,  
Sentrum 18, 4745 Bygland  
Bygland kommune: ..... 379 34 700  
Heimeside: [www.bygland.kyrkjelyd.no](http://www.bygland.kyrkjelyd.no)  
[www.facebook.com/Byglandskyrkjene](http://www.facebook.com/Byglandskyrkjene)

### Sokneprest Kjell Steinbru

Telefon: ..... 473 28 472  
[kjell.steinbru@kirken.bygland.no](mailto:kjell.steinbru@kirken.bygland.no)

### Kyrkjeverje Olav Nilsen

Telefon: ..... 982 99711  
E-post: [ckbnilsen@hotmail.com](mailto:ckbnilsen@hotmail.com)

### Bygland og Årdal sokneråd

Leiar: Gro-Tove Frafjord Sandnes  
Mobil: ..... 950 41 185  
E-post: [gro.tove74@gmail.com](mailto:gro.tove74@gmail.com)

### Nestleiar: Susanne Hegenscheidt

Mobil: ..... 941 74 761  
[susanne.hegenscheidt@bygland.kommune.no](mailto:susanne.hegenscheidt@bygland.kommune.no)

## Tilsette

### Organist

Eirik Hodnemyr (eige firma)  
Mobil: ..... 975 69 885  
E-post: [eirik@hodnemyr.no](mailto:eirik@hodnemyr.no)

### Klokkar og kyrkjeterar, Sandnes

Knut Gakkestad ..... 948 80 383

### Kyrkjeterar, Årdal

Tore Moseid. ..... 462 39056

### Kyrkjeterar og klokkar, Bygland

Svein Kleivane ..... 977 74 321

### Reinhaldarar


Marie Bue (Bygland) .... 482 10 259  
Gro Tove Frafjord Sandnes (Sandnes) .... 950 41 185  
Kari Aud Bakke Svenningsen (Årdal) .... 911 80 315

### Prostidiakon

Åse Gudrun Thortveit .... 916 85159  
E-post: [aasegudrun@hotmail.com](mailto:aasegudrun@hotmail.com)

### Trusoplærar

Janne Theodora Wikstøl .. 901 21906  
E-post: [janne.wik@icloud.com](mailto:janne.wik@icloud.com)



Avsender: Kyrkjebladet for Bygland  
v/Olav Nilsen  
Skisland 28, 4715 Øvrebo



*Glade danskar etter ein tur på Bjoren. Foto: Olav Nilsen*